



Styremøte i Jotunfjell Fjordane EHK

3.mars 2010

Sakliste

1. Konstituering
2. Referat frå årsmøte
3. Brev til Lov og Kontrollkomiteen
4. NM-Laushund – uttak av deltaker
5. RS-2010
6. Vervekampanje
7. Sponsorar på heimesida
8. Messe i Ålesund
9. Utstilling Sogndal
10. Utstilling Dombås
11. Ettersøkskurs i Markane
12. Aktivitetshelg i Randsverk

Desse møtte: Per Inge Solvang, Olve Steinset og Ola Auale. I tillegg møtte Jan Skogen og Pål Vestrås frå laushundkomiteen i samband med uttak til NM-bandhund.

Møtte ikkje: Idar Nygård og Arne Fossmo

Ss 1/10 Konstituering

Konstituert styre for 2010

Funksjon	Namn	Telefon	E-post
Formann	Per Inge Solvang	412 33 925	ing-solv@online.no
Nest formann	Ola Auale	913 83 220	olaual@online.no
Kasserar	Idar Nygård	415 50 288	idarnyg@online.no
Sekretær	Olve Steinset	908 62 547	olve@epost.no
Styremedlem	Arne Fossmo	900 74 599	afossmo@start.no
Vara til styre	Kai Nave	913 28 451	kai.nave@sdsl.no
Vara til styre	Odd Rindhølen	918 53 850	

Ss 2/10 Referat frå årsmøte

Årsmøteprotokollen vart framlagt i signert stand.

Ss 3/10 Brev til Lov og Kontrollkomiteen

Olve Steinset hadde utforma utkast til brev til Lov- og Kontrollkomiteen, i samband med at komiteen hadde orientert styret om at dei hadde mottatt brev frå 15 av klubbens medlemmar med klage på avvikinga av årsmøte i klubben.



Styret fatta vedtak om at Olve Steinset skulle kontakte Lov- og Kontrollkomiteen og be om å få oversendt brevet, slik at vi hadde dette i hende før styret gav si framstilling av saka.

Ss 4/10 NM-laushund, uttak av deltakere

Jon Reidar Stormyrenge med Herravara Minna, S27282/2008 vert klubbens deltakar på NM-bandhund. Arne Fossmo med AF Elgskogens Bamse S16554/2006 vert reserve.

Ss 5/10 RS 2010

Klubben har rett til å la seg representere med to deltakarar på RS. Per Inge Solvang og Olve Steinset deltek på RS 2010.

Ss 6/10 Vervekampanje

Forbundet har utarbeida ein vervefolder som klubben ynskjer å nytte for å knytte til seg fleire medlemmar. Særleg bør vi freiste å få fleire medlemmar frå sørsida av Romsdalsfjorden og Sogn og Fjordane. Potensialet bør vere langt større enn kva medlemstalet i klubben i dag tilseier. Styret vil ha fokus på dette i tida framover.

Ss 7/10 Sponsorar på heimesida til klubben

Styret ynskjer å ha klarere retningsliner for sponsorar som annonserer på heimesida vår. Olve Steinset klagar utkast til sponsoravtale.

Ss 8/10 Messe i Ålesund

Styret var samde om at vi skulle delta med stand på messa Aktiv Fritid i Ålesund den 19. – 21.mars, som eit ledd i å freiste verve fleire medlemmar frå den regionen.

Ss 9/10 Vestlandsutstillinga 2010 i Sogndal

Per Inge Solvang tek ansvar for å få på plass utstillingskomité.

Ss 10/10 Fellesutstilling på Dombås

Her er utstillingskomiteen godt i gjenge.

Ss 11/10 Ettersøkskurs i Markane

Norges Jeger- og Fiskerforbund Sogn og Fjordane og Jotunfjell Fjordane Elghundklubb samarbeider om vidaregåande Ettersøks kurs på skianlegget Ullsheim i Markane 4 –6 juni 2010.

Ss 12/10 Aktivitetshelg på Ramsverk

Klubben ynskjer å få til ei aktivitetshelg på Ramsverk etter ein liknande modell som har vert årleg i Markane. Ola Auale får ansvar for å vere styrets representant i arrangement komiteen for ei slik tilstelling. Styret ynskjer at ein får til ei slik aktivitetshelg 5. – 6.juni.